

Årsmelding for Bø Orienteringslag, 2015

Styret for Bø o-lag har i 2015 sett slik ut:

Leiar:	Jarle Botnen	(På valg)
Sekretær:	Tone Nilsen	(ikkje på valg)
Kartansvarleg:	Per Chr. Hagen	(ikkje på valg)
Sportsleg leiar:	Dag Steinar Ragvin	(På valg)
Styremedlem:	Synne Kleiven	(På valg)
Styremedlem:	Bjørn Steen	(ikkje på valg)
Styremedlem:	Dag-Øyvind Olsen	(ikkje på valg)
Kasserar:	Arne Lande	(På valg)
1. varamedlem:	Trude Harstad	(ikkje på valg)
2. varamedlem:	Jon Solberg	(ikkje på valg)
Valkomitè:	Steinar Lande	(På valg)
	Eivind Frode Rinde	(På valg)
Web-ansvarleg:	Jon Kvisli	(På valg)
Revisor:	Bodil Dahl	(På valg)

Styret har hatt 3 styremøte + ett møte med Sparebanken Din ang. sponning.

Betalande medlemmer i Bø o-lag (kilde Arne Lande)

Medlemstalet har gått ned frå i fjor. Me har nå totalt 91 medlemmer. 89 av desse er aktive, mens 2 har betalt støttemedlemskap. Det ville være bra om vi greide å halde på eit medlemstal på om lag 100 medlemmar.

Heimeside og Facebook.

Bø o-lag har både heimeside og profil på FB. Heimesida www.boolag.org, som Jon Kvisli er ansvarleg for, inneheld informasjon om resultat og strekktider frå alle treningsløp. Både på FB og heimesida blir det lagt ut informasjon om kva som skjer i og rundt Bø o-lag. På FB kan også medlemmene sjølv legge ut kommentarer og bilder dei vil dele med resten av klubben.

Rekruttering i Bø o-lag (kilde Bjørn Steen)

Me hadde Råtassen i vår, der det eine løpet ved Bø skule var det få deltakarar truleg årsak var snovær, det andre løpet ved høgskulen var populært og det var mange løpere som prøvde seg på o- løyper og andre orienteringsretta aktiviteter som var tilrettelagt på plassen. Takk til arrangører som gjorde dette i stand.

I tillegg var det i vårsesongen 177 startande i N løypa på treningsløpa. Høsten var det bare 35 startande. Det pleier jo å være lavere om høsten, men i år var det ein ekstrem forskjell. Noko av årsaken kan være ekstremt dårlig vær i hele september.

8 rekrutter fra Bø OL på kretsløpet vårt i Breisas i mai.

Større arrangement (av Dag Steinar Ragvin)

Kretsløp i Breisås søndag 10. mai

119 deltok. 28 av desse var frå Bø og 29 frå Notodden. Dei øvrige frå Grenland og Vestfold. Fleire rekruttar frå Bø deltok. Jon Solberg og Dag Steinar Ragvin var henholdsvis løypeleggjar og løpsleiar. Været var fint og folk virka fornøgd. Tusen takk til dei som hjalp til!

Sørlandsgaloppen i Høydalsmo og Rauland 4. – 10. juli

O – laget var med å arrangere og hadde ansvar for å bemanne mål og løpardrikke. I tillegg vart det en del opp- og ned rigging av samlingsplassane. Om lag 20 frå laget tok del i dugnaden. Det vart ei vellykka veke der mange frå o – laget både arrangerte og fekk springe.

Sportsleg aktivitet (av Dag Steinar Ragvin)

Treningsløp

20 treningsløp vart arrangert på onsdagar. Inkludert i desse var 4 haustsprintløp, midtsommarløp i Seljord og klubbmeisterskap på Resjem (Notodden OL). Desse klubbløpa hadde totalt ca. 725 startar, 36 i gjennomsnitt pr. løp. Deltakinga har variert frå 13 på siste haustsprint til 70. Ein haustsesong med dårleg vær og færre løp enn året før er truleg hovudårsaka til at tala er litt lågare enn for 2014. Tala er likevel gode. Om lag 250 personar deltok ein eller fleire gonger. Ein viktig årsak til gode tal er truleg sesongstart med rekruttløp rundt påsketider ved Bø skule og Gullbring, men også marknadsføring av rekruttløpa og treningsløpa i Bø blad tidleg. Eit anna moment kan være val av stad/terreng. Vi la ekstra ressursar i dei 5 første løpa med eigne rekruttansvarlege. Tusen takk til alle arrangørar!

Treningar

Vi klarte dessverre ikkje å få sving på trening for barn/ungdom med fokus på ulike moment i orienteringa, slik vi hadde i 2014. Det blei forsøkt, men enda opp med å bli «privattime» for 1-2 jenter i alderen 14 – 15 år.

Klubbmeisterskap

Klubbmeisterskapet blei arrangert onsdag 2. september på Resjem. Vi deltok da i Notodden o – lag sitt treningsløp som laga klubbmeisterskap for oss. Regnet hølja ned og kun seks frå Bø tok turen. Følgjande blei klubbmeistrar:

D65: Margit Ryen Steen
H17: Dag Steinar Ragvin
H50: Jarle Botnen

Medaljer og merke i kretsmeisterskap

Individuelt

D13-14:	Elise Støren	Bronse på sprint
H21:	Dag Steinar Ragvin	Bronse på langdistanse
H21:	Dag Steinar Ragvin	Sølv på mellomdistanse
H17:	Dag Steinar Ragvin	Gull på ultralangdistanse
D65	Margit Ryen Steen	Gull samanlagt alle KM
D70:	Synnøve Dalva	Sølv samanlagt alle KM
H60:	Per Christian Hagen	Sølv samanlagt alle KM
H65:	Bjørn Steen	Bronse samanlagt alle KM
H70:	Olav Solberg	Bronse samanlagt alle KM

Stafett 30. august, OL Trollo

H17: Bronse til Bø o – lag (Lars Steinar Hefre, Steinar Lande, Dag Steinar Ragvin)

Resultat i Noregsmeisterskap ol.

Hovedløpet sprint 8. august, Larvik

51. Elise Støren D14

Hovedløpet langdistanse 9. august, Larvik

52. Elise Støren D14

NM langdistanse 10. september, Levanger

42. Dag Steinar Ragvin H21
58. Eivind Romberg Kvaale H21

NM mellomdistanse 11. og 12. september, Levanger

Deltok i kvalifiseringa:

Marit Wenseth Kure D21

Lars Steinar Hefre	H21
Eivind Romberg Kvaale	H21
Dag Steinar Ragvin	H21

NM stafett 13. september, Levanger

40. Bø o – lag (Eivind Romberg Kvaale, Lars Steinar Hefre, Dag Steinar Ragvin)

NM ultralangdistanse 22. august, Ringerike

16. Dag Steinar Ragvin	H21
------------------------	-----

NM nattorientering 18. september, Jessheim

26. Dag Steinar Ragvin	H21
------------------------	-----

Noregscup samanlagt

40. Eivind Romberg Kvaale	U23	5 poeng
52. Lars Steinar Hefre	U23	1 poeng
60. Dag Steinar Ragvin	H21	61 poeng

Veteranmeisterskapet 11 – 13. september, Svullrya (Finnskogen)

Sprint:

15. Margit Ryen Steen	D65
2. Steinar Lande	H40
11. Per Christian Hagen	H60

Langdistanse:

15. Margit Ryen Steen	D65
5. Steinar Lande	H40
11. Øyvind Støren	H45
22. Per Christian Hagen	H60
21. Bjørn Steen	H65

Mellomdistanse:

23. Margit Ryen Steen	D65
3. Steinar Lande	H40
14. Øyvind Støren	H45
23. Per Christian Hagen	H60
17. Bjørn Steen	H65

World Master Orienteering Championship 25. juli – 1. August, Sverige

Sprint:

63. Per Christian Hagen	M60 A – finale
19. Synnøve Dalva	W70 B – finale

Langdistanse:

25. Steinar Lande	M40 A – finale
56. Synnøve Dalva	W70 A – finale
72. Per Christian Hagen	M60 A – finale

Anna

Talet på deltakarar frå o – laget i løp utanfor Bø har som i fjor vore høgare enn i dei siste sesongane til og med 2013. Tal frå utvalde løp:

Hjalmarløpet Skien:	11
Drangedalsløpet:	10
Pinseløp Kongsberg:	10
Sørlandsgaloppen:	26

Elise Støren har delteke i MOT – TV – cupen, ungdomscupen for klubbar i Telemark og Vestfold. I tillegg til dei nemnde stafettane KM og NM har klubben delteke med seniorlag i Kvistkvaset på Ås 1. mai og i den stemningsfulle Night Hawk i Asker.

Kartarbeid 2015 (skrive av Per Christian Hagen)

Det ble foretatt ein revisjon av nedre del av Breisås-kartet (ca. 2.5 km²) til kretsløpet 10. mai. Steinar Lande stod for synfaringa av bl.a. nye stier, og Jon Kvisli tegna inn oppdateringene i kartfila. Ellers har Jon Kvisli foretatt noe ny-synfaring og ny-tegning på Eikjarudkollen (Nordbøåsane). Begge karta er dessuten oppdatert med laserkurver.

Søknaden om 56 800 kr i spillemidler til Vatnar-kartet, som blei utgitt i 2014, ble ikke innvilget i 2015. Søknaden er fornyet, og vi har godt håp om tildeling i 2016.

Avslutningsfest på Bø ungdomskule

Det er blitt ein tradisjon å avslutte o-året på Bø ungdomskule. Medlemmer i alle aldre møter opp. I år var med ca. 40 stk. Quiz laget av Bjørn Steen er fast post på programmet –her får både ny og meir erfaren løper bryna seg på spørsmål frå diverse kategorier. For dei minste er det o-løp i Frivoll spektrum – dette er gøy! Løypa blir løpt mange gonger - om å gjere å få ny rekord kvar gong!

Alle barna som er møtt opp får en premie for deltakina i o-året –denne premien var i år sponset av Sparebanken din og Brukås sport.

Serveringa er pizza, med kaffe og kaker. Festen blir avslutta med loddsalg med premier gitt av lokale bedrifter og medlemmer.

Dette er en hyggeleg kveld – takk til arrangeører!

Styret takkar medlemmer og andre som har stilt opp for Bø o-lag i året 2015.

Bø 30.jan 2016.

For styret, sekretær: Tone Nilsen